



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

HØYRING AV FORSLAG TIL SKOGVERN



HUSBYFJELLET - UTVIDING AURE KOMMUNE

Høyringsfrist 15.09.2026

2023/6786

Framsida: Mot Bårsetfjellet (foto: Per Eide)

Bakgrunn

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 % av skogarealet. I juni 2026 var om lag 5,6 % av skogarealet og ca. 4,3 % av den produktive skogen verna i Noreg. Det er eit nasjonalt miljømål at «*et representativt utval av naturtypane i skog blir verna for kommande generasjonar*». Vern av skog er også viktig for å nå fleire av dei andre miljømåla, til dømes at «*utrydding av trua artar i skog skal opphøyra og status for artar i nedgang skal ha blitt forbetra innan 2020*» og at «*mangfald av naturtypar i skog skal bli tatt vare på eller gjenopprettast innanfor sitt naturlege utbreiingsområde, og slik at alle stadeigne artar finns i levedyktige bestandar*».

I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva til å ha stor positiv effekt på trua artar i skog, og Regjeringa vil vidareføre det langsiktige arbeidet med skogvern. Dette skal skje ved vern av offentleg eigd skog og ved friviljug vern av privateigd skog. Friviljug vern inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog.

Dersom ein har naturfagleg kunnskap om det aktuelt tilbodsområde frå før, kan slike data bli lagt til grunn for ein eventuell verneplanprosess. Dersom området ikkje er kartlagt tidlegare, vil miljøvernstyresmaktene også vurdere tilbodet og sette eventuelt i gang med naturfaglege registreringar for å kartlegge verneverdiar. I Møre og Romsdal er ein vesentleg del av den verneverdige skogen kartlagt tidlegare og aktuelle data er tilgjengelege i www.naturbase.no.

Om det på bakgrunn av ei slik registrering vil vere aktuelt å fremme eit verneforslag for det aktuelle arealet, skal det gjennomførast forhandlingar med grunneigar om avgrensing, verneforskrift og økonomisk erstatning. Når staten og grunneigar er kome til semje om desse punkta, vil området gjennomgå ei vanleg saksbehandling i tråd med naturmangfaldlova.

Tilbodet

Statsforvaltaren fekk tilbod om frivillig skogvern på gnr/bnr 88/1, 89/1 og 6 på Ertvågsøya i Aure kommune. Det omfattar eit areal på ca. 1.178 dekar. Tilbodet vart framsett i brev frå ALLSKOG SA den 06.02.2026.

Tilbodet er ei utviding av Husbyfjellet naturreservat som vart verna 23.06.2026.

Det naturfaglege grunnlaget for vern er basert på kartleggingar av naturtypar i Aure frå 2009 v/ Geir Gaarder og Finn Oldervik, og frå 2015 av Miljøfaglig Utredning.

ALLSKOG vil taksere skogen i tilbodsområdet, og det blir forhandla fram ein erstatningsavtale med grunneigarane. Området vil ikkje bli tilrådd verna før avtalen om erstatning er signert, men ALLSKOG har på vegne av grunneigaren akseptert at planprosessen vert sett i gang. Statsforvaltaren meldte oppstart av verneplanprosess for området i brev av 27.04.2026.

Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av lov av 16. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) jf. §§ 33-51. I naturmangfaldlova er det gjeve heimel for vedtak av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, blir foreslått brukt for skogsområda i dette verneplanframlegget.

Naturmangfaldlova § 37 i har slik ordlyd:

«Som naturreservat kan vernes områder som

- a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,
- b) representerer en bestemt type natur,
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst, eller
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi.

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for å ivareta verneformålet, skal det samtidig med vernevedtaket legges frem et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk godtgjørelse til private som bidrar til områdetets skjøtsel.»

Naturfaglege registreringar

I Naturbase er det registrert delar av fire lokalitetar med verdfulle naturtypar innafor området. Desse er i nokon grad vurdert etter klassifiseringa i 2009 og seinare kartlegging av kystfuruskog i 2015. Der raudlistestatusen er endra i ettertid, har statsforvaltaren endra kategori utan at dette vert referert ytterlegare.

Lokaliteten Ertvågøya vest: Klaven nord (BN00111284) er kystfuruskog av svært viktig verdi, og blir omtala slik:

Naturtype og utformingar:

«Avgrenset lokalitet er en mosaikk av gammel furuskog av delnaturtype gammel kystfuruskog (ca. 55 %), boreal løvskog av delnaturtype gammel løvblandingsskog (ca. 35 %) og rik edelløvskog av delnaturtype rasmark- og ravine almeskog (ca. 5 %). Ca. 5 % består av fattig furuskog som huser for lite andel av objekter knyttet til gammelskog. Enkelte artsfunn vitner om stedvis nokså høy luftfuktighet, med overgang mot fattig boreonemoral regnskog. Etter NiN-1.0 er det mest snakk om småbregneskog (T23-2), blåbærskog (T23-1), høystaudeskog (T23-9), svak lågurtskog (T23-3), småbregnefuktskog (T23-7) og intermedier knaus (T20-2).

Artsmangfald:

Spesielt i vest og sentrale del er det områder der tresjiktet er dominert av furu. I sør, sørøst og også i nordre del er det en god del løvtrær, herunder bjørk, rogn, osp, og innslag av hassel, gråor og selje. I nordvest ble det også registrert hegg og et almetre (EN). I busksjiktet er det en del einerbusker. Vegetasjonen i feltsjikt er svært varierende. Blant de mest næringskrevende artene var det høystauder som trollurt, bringebær, antatt krattmjølke, hvitbladtistel, skogstorkenebb og skogsvinerot (svakt varmekjær art). Det ble også registrert myske (noe varmekjær), samt noe mindre næringskrevende arter som antatt prikkperikum, teiebær, hengeaks, markjordbær og gullris, samt mer nøysomme arter som sølvbunke, vendelrot, fugletelg og stankstorkenebb. Noen områder er preget av tette bestand med storfrytle, og stedvis er det blåbærlyng som dominerer i feltsjiktet. Det forekommer en god del lavararter, herunder ble det i 2015

gjort tallrike registreringer av kattedotlav (på bjørk og furu) og noe gammelgranlav (på bjørk). Blant arter som er knyttet til lungeneversamfunn ble det funnet kystfiltlav, glattvrenge, stiftfiltlav, kystvrenge, grynvreng, muslinglav, lungenever, vanlig blåfiltlav, sølvnever, skrubbenever og kystgrønnever. På rogn ble det også observert puteglye. På furu forekommer det sparsomt med gubbeskjegg (NT), og det ble registrert grå fargelav, furustokklav, *Chaenotheca xyloxa*, antatt gulgrynnål og en ubestemt stry-art. Det forekommer furustokkjuke (NT) på furu og barkhårskål på osp. I 1998 ble det i tillegg gjort funn av grynfiltilav, gul pærelav (NT, på hassel og rogn), kystårenever, skorpefiltlav (NT), skrukkelav, sølvpærelav (på hassel), hasselrurlav (NT), *Arthonia arthonioides* og rotnål (NT, på bjørk). Det ble også registrert barkragg, bristlav, kulekvistlav, vanlig kvistlav, vanlig papirlav og brun korallav. Blant moser ble det i sin tid gjort funn av heimose, larvemose, piggrådmos, rød muslingmos, steindraugmos og tråddraugmos, og det ble registrert funn av blykkjuke på morken furulåg»

Lokaliteten Ertvågøya vest: Husbyfjellet aust (BN00061145) er også kystfuruskog av svært viktig verdi. Denne vert omtala slik:

Naturtype, utformingar og vegetasjonstypar:

«Det er primært snakk om gammal blåbærfuruskog og småbregneskog, i overgang mot røsslyngfuruskog i vest og mot meir lauvrik, frodigare skog i aust. Der er det dels lågurtskog og svakt utvikla høgstaudeskog med m.a. noko hasselkratt.

Artsmangfald:

Fleire artsregistreringar. Første kjente i 2005. Vanligaste treslag er furu. I tillegg er det noko bjørk, samt meir sparsamt med rogn, selje og hassel.

Feltsjiktet er ikkje spesielt rikt, men einskilde edellauvskogsartar går inn nede i lia, i det minste myske, sanikel og junkerbregne. Av størst interesse er arts mangfaldet av vedbuande sopp på gamle furulæger. Dette omfattar mange sjeldsynte og raudlista artar som; furuplett (NT), huldrekremskinn (VU), kystfuruskin (VU), hengekjuke (EN), eirekjuke (NT), laterittkjuke (VU), luggskinn (VU) og tyrikjuke (NT). Blant dei vedboande artane kan også nemnast kulekremskinn, som på våre trakter verkar å vera ein art knytt til gammal kystfuruskog. Også kystfuruskin (VU) er ein svært interessant art, og mesteparten av dei kjende funna i Noreg og Europa ser ut til å vera gjort i Aure, noko som pålegg Aure eit særskild forvaltningsansvar for arten. Alle funna i Aure er knytt til gammal furugadd eller deler falle av gammal furugadd i kontinuitets-skog. Funnet av hengekjuke er det første i Aure av denne arten.

Lungeneversamfunnet er nokså sparsamt utvikla i øvre delar av lokaliteten, med eit fåtal av dei vanlegaste artane. Lenger ned er det derimot rikare med ymse filtilav og litt lungenever på rogn og hassel. Elles vart rotnål (NT) funne på morken furugadd oppe i lia og stadvis er det rikeleg med gubbeskjegg (NT) på dei gamle furutrea.»

Lokaliteten Ertvågøya vest: Kvennhusdalen (BN00061135) er ein mindre edellauvskogslokalitet av svært viktig verdi sør-aust i området, med slik omtale:

«Lokaliteten er primært ein eldre, litt rasmarksprega gråor-almeskog i overgang mot boreal blandingskog. Stadvis er det i tillegg noko rikt hasselkratt av lågurtype.

Viktige treslag er alm (EN), osp, bjørk og furu. I tillegg ein del hasselkratt, samt noko meir sparsamt med artar som selje, gråor og rogn. Feltsjiktet er ganske frodig, og omfattar ein god del edellauvskogsartar, særleg myske og sanikel, men også lerkespore, junkerbregne og vårerteknapp. Lungenever-samfunnet er ganske godt utvikla og veks både på fleire lauvtreslag og på bergveggar. Av særleg interesse er ein førekomst av kastaniefiltlav (VU) både på bergveggar og gamal osp, samt noko skorpefiltlav (NT) på gamle

lauvtre (som alm og osp). I tillegg m.a. sølvnever og kystnever. Når det gjeld sopp er det potensial for marklevande arter knytt til m.a. hassel.»

Lokaliteten Ertvågøya vest: Husbyfjellet - Bårdsetfjellet (BN00061136) er ein gammal boreal lauvskog av utforminga fuktig kystskog. Den er omtala slik:

Naturtype, utformingar og vegetasjonstypar:

«Det er primært snakk om gammal blåbærfuruskog og småbregneskog, i overgang mot røsslyngfuruskog i vest og mot meir lauvrik, frodigare skog i aust. Der er det dels lågurtskog og svakt utvikla høgstaudeskog med m.a. noko hasselkratt.

Artsmangfald:

Bjerk er nok det vanlegaste treslaget. I tillegg finst noko furu, i nordre del litt osp, noko gråor og jamt innslag av selje, rogn og hassel. Feltsjiktet er noko varierende, men stadvis frodig og med høgstaudepreg. Av varmekjære artar finst noko myske, samt lokalt vårerteknapp, junkerbregne, rosenrot, bergfrue og sanikel. I tillegg meir typiske høgstaudar som enghumbleblom, revebjølle og hundekveke. På lauvtre er lungenever-samfunnet middels godt utvikla, med artar som lungenever, skrubbenever, blåfitalv, grynfilltav og brun blæreglye, men lite av dei meir sjeldsynte og raudlista artane er påvist. Ein held det likevel for truleg at einskilde av "regnskogsartane, slik som til dømes gul pærelav (NT) kan finnast her. Mest interessante funn hittil har vore eit av svartsonekjuka (NT) på ein morken furulåg i ei nokså grov ur.»

Utvidingsarealet til Husbyfjellet stettar kravet til vern etter naturmangfaldlova. Boreonemorale regnskogar og rike edellauvskogar er underrepresentert i verneområda i Møre og Romsdal. Tilbudsområdet har mange raudlisteartar som dei sterkt truga alm og hengekjuka, og dei sårbare luggskinn, kystfuruskinn, huldrekremskinn, laterittkjuka og kastanjejilltav, samt mange nær truga sopp- og lavartar. Totalt sett vert dette eit svært verdfullt verneområde med eit stort naturmangfald.

Skogbruk

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet fekk den 1. juli 2020 i oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet å greie ut forvaltningstiltak knytt til skogvern og konsekvensar for averkinga og bidraget skognæringa hadde til det grønne skiftet. I rapport M-2007-2021 har direktorata foreslått retningslinjer for avvegingar.

I oppdrag frå Klima- og miljødepartementet datert 8.11.2021 bad Klima- og miljødepartementet om at forslaget blir sett i verk, med nokre mindre justeringar. For privateigd skog skal forslaget setjast i verk for område der det blir motteke tilbud etter 1. februar 2022, og ved vern av offentleg eid grunn for område der det blir meldt oppstart frå og med same dato.

Utvidinga av Husbyfjellet er tilbode for frivillig vern av grunneigarane etter 1. februar 2022. Det blir difor omfatta av oppdraget frå Klima- og miljødepartementet. Verne- og skogbruksinteressene er samanfatta i tråd med skogvernrutina. Den fullstendige skogvurderinga ligg som vedlegg 3 i dette dokumentet.

Statsforvaltaren vurderer området sin verdi for skogvernet som svært stor ut frå naturtypane og dei mange raudlisteartane som er påvist.

Området har mindre betydning for skog- og trenæringa. Med eit volum på 10 000 m³ på 543 daa produktiv skog, er det her i fylket snakk om relativt lave volum/daa. Av kartet går det fram at det ikkje er gran innafor verneavgrønsinga. Ser ein dette saman med topografien er det aller meste av dette volumet i terreng som er sett på som vanskeleg til svært vanskeleg tilgjengeleg. Dyre

driftsmetodar og lave skogvolum vil gjere det tvilsamt at dette er å definere som område som vil gi netto til skogeigar. Vår vurdering er difor at dette vil ha liten/ingen innverknad på tømmer tilgangen.

Ut frå dette hamnar Husbyfjellet i kategori V1S7, sjå tabellen under. Detaljane går fram av vedlegg 2.

Tabell 1 Avveging mellom omsynet til skogvern og omsynet til skog- og trenæringa

Betydning for vern	Har	V1	V1S7	V1S6	V1S5	V1S4	V1S3	V1S2	V1S1
		V2	V2S7	V2S6	V2S5	V2S4	V2S3	V2S2	V2S1
		V3	V3S7	V3S6	V3S5	V3S4	V3S3	V3S2	V3S1
	Kan få	V4	V4S7	V4S6	V4S5	V4S4	V4S3	V4S2	V4S1
		V5	V5S7	V5S6	V5S5	V5S4	V5S3	V5S2	V5S1
		V6	V6S7	V6S6	V6S5	V6S4	V6S3	V6S2	V6S1
	Har mindre	V7	V7S7	V7S6	V7S5	V7S4	V7S3	V7S2	V7S1
			S7	S6	S5	S4	S3	S2	S1
			Har mindre	Kan få			Har		
			Betydning for tømmer tilgangen						

Andre brukarinteresser

Området er sett av til LNF-område i kommuneplanen sin arealdel. Vi er ikkje kjent med kulturminne i området.

Sør i utvidingsområdet er det ein gapahuk der det mellom anna blir fyrt bål. Det går ein mykje brukt sti inn frå vest til denne. Behovet for vedlikehald av sti og gapahuk er teke omsyn til i verneforskrifta.

Saksbehandling

Oppstartsmelding

Statsforvaltaren sendte ut melding om oppstart av verneplanprosessen for etablering av naturreservat til fleire aktuelle interessepartar i brev av 27.04.2026. Frist for innspel til planarbeidet var sett til 01.06.2026.

Det har kome 4 innspel til oppstartsmeldinga.

Statnett SE har ingen merknader.

Språkrådet tilrår at området får namnet Husbyfjellet naturreservat.

Norges vassdrags- og energidirektorat har ikkje merknader, men ber nettselskapet Mellom AS om å uttale seg.

Birdlife avd. Møre og Romsdal er positiv til skogvern, men saknar grunngeving for kvifor avgrensinga er slik som den er. Dei peikar på at det er store verneverdiar utanfor området, og saknar ein meir grundig omtale av verneverdiane i området.

Statsforvaltaren sine kommentarar til innspela:

Tilbodet om vern er friviljug, og ut frå dette vil det kunne vere viktige verdiar som ikkje har vorte med. Vi er m.a. kjent med førekomst av ein truga art rett utom vernetilbodet. Ikkje alle eigedommane har tilbydd vern, og dei lågtliggande delane av området er ikkje med. Lengst nede vil ein kome i konflikt med granplantingar og vegar, og dette er det ikkje ønskjeleg å ha med. Samla sett vil Husbyfjellet kunne bli eit stort og representativt naturreservat med truga naturtypar og eit stort mangfald av truga lav og sopp.

Vidare saksgang

I samsvar med naturmangfaldlova og saksbehandlingsreglane i denne, sender Statsforvaltaren med dette verneframlegget på høyring.

Skogen blir taksert av ALLSKOG i samarbeid med Staten sin skogsakskunnige. Det blir gjennomført forhandlingar med grunneigarane om erstatning, avgrensing og framlegg til forskrift.

Etter denne lokale og sentrale høyringa, vil Statsforvaltaren, på bakgrunn av høyringsdokument og innkomne fråsegner, skrive ei tilråding til Miljødirektoratet. Direktoratet fremmer så saka for Klima- og miljødepartementet som deretter vil førebu ho og legge fram eit framlegg om vernevedtak for Kongen i Statsråd.

Etter vernevedtaket ved kgl. res. vil erstatningar bli utbetalte i samsvar med avtalen. Statsforvaltaren får så i oppdrag å gjere vedtaket kjent og sørge for at reservatet blir merka og skilta. Merking og oppmåling blir gjort av jordskifteretten etter krav frå Statsforvaltaren om grensegang og merking.

Framlegget til naturreservat går fram av vedlagt vernekart.

Ut frå normal saksbehandlingstid kan eit vernevedtak tidlegast skje i 2027.

Vedlegg 1.

Forskrift om endring av forskrift om vern av Husbyfjellet naturreservat, Aure kommune, Møre og Romsdal

☒

Fastsett ved kongeleg resolusjon ... med heimel i lov 19. juni 2009 nr.100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 og [§ 77]. Fremma av Klima- og miljødepartementet.

I

I forskrift 23.06.2026 nr. 1284 om vern av Husbyfjellet naturreservat, Aure kommune, Møre og Romsdal, gjer ein følgjande endringar:

§ 2 skal lyde:

Naturreservatet berører følgjande gnr./bnr.: Aure kommune: **88/1, 89/1**, 89/2, 89/6 og 89/7.

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på ca. **2125** dekar. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte vernekart datert *Klima- og miljødepartementet* xxxx. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Nytt punkt i § 4:

h. vedlikehald av eksisterande stiar og gapahuk avmerkt på vedlagte vernekart i samsvar med standard på vernetidspunktet

II

Forskrifta trer i kraft straks.

Vedlegg 2.

(eksisterande forskrift)

Forskrift om vern av Husbyfjellet naturreservat, Aure kommune, Møre og Romsdal

Fastsett ved kongeleg resolusjon 23. juni 2026 med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34, § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 Føremål

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit verdfullt skogsområde som:

- a. representerer ein bestemt type natur i form av kystfuruskog og rik edellauvskog
- b. inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur som rik edellauvskog med alm og tilhøyrande artar av lav og sopp.

Det er eit mål å behalde verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2 Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Aure kommune: 89/2, 6 og 7.

Naturreservatet dekker eit totalareal på 947 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte vernekart datert Klima- og miljødepartementet juni 2026. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp inkludert lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode
- c. Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., framføring av luftleidningar, jordkabler, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte tilførsler av forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmande.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode
- e. Bålbrenning er forbode. Forbodet gjeld ikkje bålbrenning med tørrkvist frå bakken eller medteken ved i samsvar med gjeldande lovverk.

§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sanking av bær og matsopp
- b. jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk
- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- d. beiting
- e. utsetting av saltstein
- f. oppsetting av midlertidige, mobile jakttårn for storviltjakt
- g. fjerning av mindre mengder kvist i samband med utøving av storviltjakt

§ 5 Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel

- a. Motorisert ferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy
- b. Sykling, riding og bruk av hest er forbode utanom eksisterande stiar

§ 6 Generelle unntak frå ferdselsreglane

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingskøyring.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som blir nytta skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før køyring skjer
- b. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget
- c. landing og start med Forsvarets luftfartøy

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- b. tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk
- c. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b
- d. uttak og ringbarking av utanlandske treslag og plantefelt av gran, samt spreing frå desse
- e. merking og rydding av nye stiar
- f. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav d
- g. oppsetting og vedlikehald av gjerde
- h. øvingskøyring for føremål nemnt i § 6 første ledd
- i. naudsynt motorferdsel for aktivitetar etter § 4 bokstav e og § 7 bokstav b, d, og g.

§ 8 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

§ 9 Skjøtsel

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan sette i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- og kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

§ 10 Forvaltningsplan

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 Forvaltingsstyresmakt

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal er forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 12 Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Mal for skogfaglig beskrivelse av enkeltområdene som tilbys for frivillig vern og offentlig grunn som vurderes for vern

Fylke	Møre og Romsdal
Kommune	Aure
Område	Husbyfjellet utviding
Gnr/Bnr	88/1 og 89/1, 6

Tømmertilgang (arealer, kubikkmasse, infrastruktur, foredling) som påvirkes

Skogvern, tømmertilgang og avvirkning i aktuell fylke/kommune	Kommune		Fylke	
	Areal	Kubikkmasse	Areal	Kubikkmasse
Foreslått skogvern produktivt skogareal	543	10 000		
Foreslått skogvern totalt skogareal	1 021	12 000		
Foreslått skogvern totalt areal	1 176	xxxxxxxxxxxx		xxxxxxxxxxxx
Eksisterende skogvern produktivt skogareal	5 115		53 855	
Eksisterende skogvern totalt skogareal	10 458		105 320	
Eksisterende skogvern totalt areal		xxxxxxxxxxxx		xxxxxxxxxxxx
Gjennomsnittlig avvirkning siste 5 år		13 083		285 023
Stående volum og produktivt skogareal	205 159		2 826 463	
Stående volum og totalt skogareal	322 489		4 460 244	

Kommentar til hvordan tømmertilgangen påvirkes

Tømmertilgangen påvirkes i svært liten grad, da produktive areal enten er båndlagt av naturtyper, eller befinner seg over hindringer i terrenget. Noe areal kan muligens drives med taubane i sørøst, men dette er ikke gran, og svarer seg derfor mest sannsynlig ikke økonomisk å ta ut.

Kilde til data: Kilden, Skograpport

Tilbudt/vurdert område

Arealer fordelt på produksjonsevne (AR5)					
Høg bon. (26-17)	Middels bon. (14-11)	Låg bon. (8-6)	Totalt produktivt areal	Totalt skogareal	Totalt areal
430	8	105	543	1 021	1 176

Kommentarer til området og hvordan omkringliggende områder påvirkes

Det meste av arealet er allerede båndlagt gjennom naturtyper, og det nye vernet tar for seg høyereliggende areal samt det som allerede er i Naturtypene.

Kilde til data: Kilden, Skograpport

Treslag, areal og kubikkmasse						
	Hkl. I-III		Hkl IV-V		Sum	
	Produktivt areal	Kubikkmasse	Produktivt areal	Kubikkmasse	Produktivt areal	Kubikkmasse
Grandominert						
Furudominert	10	50	433	9 250	443	9 250
Lauvdominert			100	750	100	750
SUM	10	50			543	10 000
Herav nøkkelbiotoper			0,2		0,2	
<p>Kommentarer til området og hvordan omkringliggende områder påvirkes</p> <p>Arealene grenser opp mot fjell, eller eksisterende vern, og det har ingen konsekvenser for tilstøtende areal.</p> <p>Kilde til data: Kilden, Skograpport</p>						
Driftsforhold			Gruppering	Produktivt skogareal	Kubikkmasse	
Aktuelt driftsutstyr/maskiner			Hjul-/beltegående	0		
			Taubane, lekter m.m	0		
Transportavstand til leveringsplass/bilveiskant på hogsttidspunktet			<1500 m	0		
			1500-2500 m	0		
			>2500 m	0		
<p>Kommentarer til området og hvordan omkringliggende områder påvirkes</p> <p>Vernnefoslaget er lagt utenom gamle hogstfelt, og driftsområder, og har slik landbruk tolker kartene ikke vært gjenstand for hogst i moderne tid. Det vil kreve store investeringer, og mad kun furu og lauv som uttak er det lite trolig at dette vil lønne seg.</p> <p>Kilde til data:</p>						
Infrastruktur					Kubikkmasse	
Bortfall av kubikkmasse til skogsbilvei					0	
Bortfall av kubikkmasse til togterminal					0	
Bortfall av kubikkmasse til tømmerkai					0	
<p>Kommentarer til hvordan eksisterende, planlagte og mulige nye investeringer påvirkes</p> <p>Topografien i området gjør at denne problemstillingen ikke er relevant.</p> <p>Kilde til data:</p>						

Oppsummering

Verbal beskrivelse:

- Skogvern – betydning for skog- og trenæringen lokalt og regionalt
- Skogproduksjon
- Driftsforhold
- Infrastruktur

Tømmertilgang - tallmessig beskrivelse:

Areal

Kubikkmasse

A Har betydning

B Kan få betydning

C Har mindre betydning

1021

12000

Verbal beskrivelse:

- Oppsummering og vurdering i forhold til konsekvenser for avirkningen, konsekvenser for skog- og trenæringen lokalt og regionalt.

Området er bratt, og omkranset av lauv og gammel furu. Tilliggende vernområde i Nord og to større naturtyper utgjør mye av produktive areal. De to siste områdene er svært bratte eller ligger opp for raskant/stup eller vil kreve meget store investeringer for tilkomst og lite nyttbart virke. Området har mest sannsynlig ikke vært drevet i noe omfang siste 100 år, og det er ikke sannsynlig at det vil gi konsekvenser for skognæringen at dette arealet vernes.

Skjema for avveing av områders betydning for vern og betydning for tømmertilgangen

Husbyfjellet - utviding

Tabell 1 Nøkkeldata for området

Navn på område					
Totalt areal	1178 daa	Produktivt skogareal	543 daa	Totalt skogareal	1021 daa
Fylke	Møre og Romsdal				
Kommune	Aure				
Eierform	Privat				

Formål

Avveiningen skal sikre at skogvernet bidrar effektivt til å oppfylle de nasjonale målene for naturmangfold, samtidig som vernet gjennomføres på en slik måte at det får minst mulig konsekvenser for skog- og trenæringen.

Betydning for skogvernet

Tabell 2 Oppsummering - verneforslaget sin betydning for skogvernet

Verbal oppsummering og vurdering			
<ul style="list-style-type: none"> Sjå utgreiing, naturbase.no 			
Verneverdi	Svært høg	Nær truga og truga naturtypar	Kystfuruskog av typen boreonemoral regnskog, edellauvskog av type gråoralmeskog, lågurtedellauvskog
Mangelinndekning	Høg	Restaureringspotensial for truga natur.	Kort sikt (0-20 år). Fjerning av introdusert gran
Betydning for økologisk nettverk	Stor	Kan manglane dekkast ein annan stad, med mindre skogbruksmessig betydning	Nei
Nær truga og truga artar	10 - NT, 6 - VU, 2 - EN		
Konklusjon		Har betydning	
Verbal beskrivelse: <ul style="list-style-type: none"> Området fangar opp 3 sårbare naturtypar med eit stort tilfang av raudlisteartar Området vil kunne bli tilgjengeleg for ulike tekniske inngrep. Ein mistar heimelen til å fjerne spreidde framande artar og introduserte artar som gran. 			

Betydning for skog- og trenæringen

Tabell 3 Oppsummering - verneforslaget sin betydning for skog- og trenæringen. Oppsummeringen baseres på opplysninger som framkommer for den skogfaglige malen som ble utarbeidet i deloppdrag 1

Verbal oppsummering og vurdering:		
<ul style="list-style-type: none"> • Skogvern - betydning for skog- og trenæringen lokalt og regionalt • Skogproduksjon • Driftsforhold • Infrastruktur 		
Tømmertilgang - Tallmessig beskrivelse	Areal	Kubikkmasse
Gruppe S1-S3 Har betydning		
Gruppe S4-S6 Kan få betydning		
Gruppe S7 Har mindre betydning	1021	12000
<p>Gode furuareal, men som generelt står i vanskelig til særs vanskelig terreng. Videre er det lang transport som gir økte driftskostnader og selv om det er gjennomsnittlig høyere volum/daa på store deler av det produktive arealet, er terreng, avstand og bestokning for lav til at kommersiell tømmerdrift vil gi nevneverdig netto.</p> <p>Området er avgrenset mot høyereliggende områder, som ikke gir negative effekter for skogsdrift i områdene rundt.</p>		

Områdets betydning for skogvernet og for skog- og trenæringen

Tabell 4 Områdets betydning for skogvernet og for tømmer tilgangen.

Betydning for vern	Har	V1	V1S7	V1S6	V1S5	V1S4	V1S3	V1S2	V1S1	
		V2	V2S7	V2S6	V2S5	V2S4	V2S3	V2S2	V2S1	
		V3	V3S7	V3S6	V3S5	V3S4	V3S3	V3S2	V3S1	
	Kan få	V4	V4S7	V4S6	V4S5	V4S4	V4S3	V4S2	V4S1	
		V5	V5S7	V5S6	V5S5	V5S4	V5S3	V5S2	V5S1	
		V6	V6S7	V6S6	V6S5	V6S4	V6S3	V6S2	V6S1	
	Har mindre	V7		V7S7	V7S6	V7S5	V7S4	V7S3	V7S2	V7S1
			S7	S6	S5	S4	S3	S2	S1	
			Har mindre	Kan få			Har			
		Betydning for tømmer tilgangen								

Området plasseres i matrisen. Plassering er markert med blå farge.

Avveining

Tabell 5 Avveining mellom hensynet til skogvern og hensynet til skog- og trenæringen

Konklusjon	
Vern gis prioritet	Ja
Arealreduksjon	Nei
Området har fleire truga naturtypar og eit stort utval av raudlisteartar. Det er skogtypar som er underrepresenterte i verneområda i fylket. Vern vil sikre området mot uheldig påverknad. Skogsdrift ville vere vanskeleg og dyrt.	